

Jobbnorge ID: 245866
Deadline: 6/8/2023
Website: <http://www.hvl.no>
Scope: Fulltime
Duration: Temporary

Dette er Høgskulen på Vestlandet

Høgskulen på Vestlandet (HVL) er ein av dei største høgskulane i landet, med om lag 1 800 tilsette og 17 000 studentar fordelt på fem campus i Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund.

Vi har sterke og innovative fagmiljø innan helse- og sosialvitenskap, ingeniør- og naturvitenskap, økonomi, samfunnsvitenskap og maritime studier, og lærarutdanning, kultur og idrett. HVL tilbyr bachelor-, master- og doktorgradsutdanningar og ulike årsstudium.

HVL er tett på arbeidslivet, regionen og studentane, og har mål om å bli eit universitet med profesjons- og arbeidslivsretta profil.

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett har fire institutt med tilsette i Bergen, Sogndal og på Stord. Fakultetet er ein av dei største lærarutdanningsinstitusjonane i landet med rundt 6200 studentar og 550 tilsette, og tilbyr barnehagelærarutdanning, grunnskulelærarutdanning for 1.-7. og 5.-10. trinn, praktisk-pedagogisk utdanning, bachelorutdanningar, masterutdanningar og Ph.d.-program. Fakultetet har eit omfattande etter- og vidareutdanningstilbod. Forskingsaktiviteten ved fakultetet blir organisert i forskingsprogram og forskargrupper.

Institutt for språk, litteratur, matematikk og tolking har 160 tilsette i Bergen, Sogndal og på Stord.

Instituttet gjev undervisning på alle nivå og er involvert i barnehagelærarutdanninga, grunnskulelærarutdanningane, og i bachelorutdanninga i teiknspråk og tolking. I tillegg bidreg instituttet i to-årige masterutdanningar og i Ph.d.-programmet Studier av danning og didaktiske praksisar. Instituttet har eit omfattande etter- og vidareutdanningstilbod.

Tilsette på instituttet er involvert i forskning som er relevant for utdanningane våre og deltar i fagleg nettverksarbeid både nasjonalt og internasjonalt. Instituttet har som mål å vere i front av skule- og profesjonsorientert kompetanseutvikling innanfor sine fagfelt. I denne samanhengen er vi i kontinuerleg samarbeid med viktige aktørar i regionen om til dømes vidareutdanning og skule- og barnehagebasert kompetanseutvikling.

Førsteamanuensis/førstelektor/ høgskulelektor i matematikdidaktikk

Ved Høgskulen på Vestlandet (HVL) er det ledig inntil to mellombelse stillingar, eller fleire stillingar som til saman utgjør 200%, som førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor i matematikdidaktikk ved Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett.

Stillinga inngår i Institutt for språk, litteratur, matematikk og tolking, campus Sogndal, og er ledig i tida 01.08.2023 - 31.07.2024.

Ansvars- og arbeidsoppgåver:

Stillinga har følgjande ansvars- og arbeidsoppgåver:

- Undervise, rettleie og utvikle studentaktive læringsformer i tråd med krav i studietilsynsforskrifta. Arbeidsoppgåvene vil primært vere undervisning, rettleiing, vurdering, praksisoppfølging og utvikling av studentaktive læringsformer i matematikk/matematikdidaktikk i grunnskulelærarutdanningane (1-7 og 5-10) og barnehagelærarutdanninga.
- Det kan bli lagt med noko reising i stillinga, og undervisning kan i nokre tilfelle bli lagt utanfor campus Sogndal
- Aktivt bruke digitale verkøy i arbeidskvardagen
- Institusjonsbyggjande arbeid irekna; fagadministrative oppgåver, internasjonalisering og samhandling med eksterne partnerar

Kvalifikasjonskrav:

Formell utdanning og kompetanse:

Kriteria for tilsetjing i undervisnings- og forskarstilling går fram av [Forskrift om ansettelse og opprykk i undervisnings- og forskerstillinger](#).

For tilsetjing som førsteamanuensis må søkjar ha doktorgrad i matematikdidaktikk, matematikk, statistikk eller innanfor eit anna realfag med klar relevans for matematikk i lærarutdanningane som til dømes fysikk.

For tilsetjing som førstelektor må søkjar ha kompetanse på nivå med norsk doktorgrad, og med tilsvarende relevanskrav som for førsteamanuensis.

For tilsetning som høgskulelektor må søkjar ha hovudfag/mastergrad i matematikdidaktikk/matematikk/statistikk eller master i utdanningsvitenskap/master i læring og undervisning med masterfag matematikk, GLU-master med masterfag matematikk eller innanfor eit relevant realfag med klar relevans for matematikk i lærarutdanningane som til dømes fysikk/fysikdidaktikk. For tilsetning som høgskulelektor må søkjar ha mastergrad med gode resultat, normalt A eller B på masteroppgåva, og med relevans for stillingsprofilen.

Den som blir tilsett må ha gode samarbeids- og formidlingsevner, men òg evne til å arbeide sjølvstendig, ta initiativ og vere fleksibel.

Høgt etisk medvit i møte med studentar er påkravd.

Undervisningsspråket er norsk og søkjarar må meistre norsk eller eit anna skandinavisk språk.

Den som vert tilsett må vere personleg eigna for stillinga.

Følgjande tel positivt i vurderinga:

- Formell praktisk-pedagogisk kompetanse
- Pedagogisk kompetanse og relevant erfaring frå barnehage, grunnskule, vidaregåande opplæring og/eller høgare utdanning
- Aktiv bruk av digitale verktøy i arbeidskvardagen og erfaring med pedagogisk bruk av IKT
- Relevant IKT/programeringskompetanse for bruk i matematikkfaget i skulen

Aktuelle kandidatar vert kalla inn til intervju.

Tilsetjingsorgan er tilsetjingsutval ved Høgskulen på Vestlandet.

Korleis søkje på stillinga?

Send søknad og CV ved å klikke på knappen merka "Søk stillinga" på denne sida.

Vi gjer merksam på at søknadar vert vurdert ut frå den informasjonen som er lagt inn i www.jobbnorge.no ved søknadsfristens utløp. Det er søkjar sitt ansvar å sørge for at alle relevante vedlegg er lagt inn innan fristen, irekna:

- Vitskaplege arbeida (inntil 5 stk.)
- Fullstendig publikasjonsliste
- Attestar og vitnemål.

Dersom vitnemål, karakterutskrifter eller anna dokumentasjon ikkje er på eit skandinavisk språk eller engelsk, må søkjar sjølv lasta opp attesterte omsetjingar. Om vedlegga overstig 25 MB må dei komprimerast før opplasting eller leggjast ved som lenkje, total maks grense for opplasting av vedlegg er 50 MB.

Søknadar kan ikkje sendast på e-post til enkeltpersonar ved høgskulen.

Vi tilbyr:

- Gode pensjons- og forsikringsordningar i Statens pensjonskasse
- Spanande fagmiljø med moglegheit for kompetanseheving - og utvikling
- Høve for trening i arbeidstida

Stillinga som førsteamanuensis / førstelektor / høgskulelektor er lønna etter Statens lønsregulativ, i stillingskode 1011 - Førsteamanuensis / 1198 - Førstelektor / 1008 - Høgskulelektor.

Frå løna vert det trekt 2 % innskot til Statens pensjonskasse.

Generell informasjon:

Vi gjer merksam på at unntak frå den offentlege søkjarlista blir handsama etter reglane i Offentleglova. Søkjarar som har bede om slikt unntak, blir varsla dersom ønskje ikkje vert teke til følge.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å oppnå ein balansert alders- og kjønssamansetning og rekruttere personar med minoritetsbakgrunn, nedsett funksjonsevne og hol i CV.

Kontaktpersonar ved Høgskulen på Vestlandet er:

Faggruppekoordinator matematikk Terje Myklebust

Tlf.: 57 67 63 02

E-post: terje.myklebust@hvl.no

Assisterande instituttleiar Tom Rune Kongelf

Tlf.: 57 67 63 37 / 990 17 802

E-post: tom.rune.kongelf@hvl.no

Samspel, berekraft og nyskaping

Samspel, berekraft og nyskaping skal kjenneteikne alt vi gjer.

Vi skal bli eit universitet med ein tydeleg profesjons- og arbeidslivsretta profil.

[Les meir på våre heimesider.](#)

Video: https://youtu.be/z-Py_In-Eyg

Additional information

Place of service:

Campus Sogndal 6856 Sogndal (Sogndal Municipality)